

**Kvinnherad Byggutvikling AS på Børnes er trulig dei første her i landet som leverer tak i granitt direkte importert frå Kina.**

Dei importerer utestein som til dømes kantstein, belegningsstein, takstein og steinfliser til innandørs bruk. Det går i kinesisk granitt, skifer, marmor og den norske nasjonalsteinen larvikitt. Den siste blir broten her i landet, men bearbeidd i Kina og kjem att som golvliser.

Dagleg leiar Lars Lidvard Øyjord opplyser til Kvinnheringen at det er granitten som nyttast til taktekking medan skiferen stort sett går til flisleggjing utandørs. Med bruk av granitt framfor skifer får ein eit meir stabilt tak og som dessutan tørkar fort.

Øyjord strekar under at det ikke er så store skilnaden på kostnadene om ein skal frakta noko frå Bergen til Kvinnherad eller frå Kina til Kvinnherad. Arbeidskostnadene i Kina er mykje lågere og det er mindre arbeid med å leggja granittak. Difor vert granittak noko rimelegare enn tak av norsk skifer. Så langt har firmaet levert to granittak i Kvinnherad sjølv om dei ikke har vore marknadsført førebels. Leveringstida er berre to månader.

Også golvliser i granitt kjem no for fullt. Dei ligg prismessig på same nivå som keramikkfliser. Børnes-firmaet skal no skaffa seg forhandlarar rundt om i landet.